



Bacheloroppgåve

IDR600 Sport Management

Kva oppfatning har dei største breiddeklubbane på Søre Sunnmøre av IL Hødd Fotball sitt bidrag til utviklinga av lokale og regionale spelarar?

Eirik Heltne

Samla sidetal, inkludert framsida: 42

Molde, 26.05.17



Obligatorisk eigenerklæring/gruppeerklæring

Den enkelte student er selv ansvarlig for å sette seg inn i kva som er lovlege hjelpemiddel, retningslinjer for bruk av desse, samt reglar om kjeldebruk. Erklæringa skal gjere studentane merksame på ansvaret dei har og kva slags konsekvenser fusk kan føre til. Manglande erklæring frittek ikkje studentane ansvaret dei har.

Du/de fyller ut erklæringa ved å klikke på ruta til høgre for den enkelte del 1-6:		
1.	Eg/vi erklærer med dette at oppgåva mi/vår er mitt/vårt eige arbeid og at eg/vi ikkje har brukt andre kjelder og ikkje har motteke anna hjelp enn det som er nemnt i oppgåva.	<input checked="" type="checkbox"/>
2.	Eg/vi erklærer vidare at denne oppgåva: <ul style="list-style-type: none">• ikkje har vore brukt til annan eksamen ved anna avdeling/universitet/høgskole innanlands eller utanlands.• ikkje refererer til andre sitt arbeid utan at det er oppgitt.• ikkje refererer til eige tidlegare arbeid utan at det er oppgitt.• har alle referansar oppgitt i litteraturlista.• ikkje er ein kopi, duplikat eller avskrift av andre sitt arbeid eller oppgåve.	<input checked="" type="checkbox"/>
3.	Eg/vi er kjende med at brot på punkta ovanfor er å betrakte som fusk og kan føre til annullering av eksamen og utestenging frå universitet og høgskular i Norge, jf. Universitets- og høgskoleloven §§4-7 og 4-8 og Forskrift om eksamen §§14 og 15.	<input checked="" type="checkbox"/>
4.	Eg/vi er kjende med at alle innleverte oppgåver kan bli plagiatkontrollerte i Ephorus, sjå Retningslinjer for elektronisk innlevering og publisering av studiepoenggivende studentoppgaver	<input checked="" type="checkbox"/>
5.	Eg/vi er kjende med at høgskulen vil handsame alle saker der det ligg føre mistanke om fusk etter høgskulen sine retningslinjer for behandling av saker om fusk	<input checked="" type="checkbox"/>
6.	Eg/vi har gjort oss kjende med reglar og retningslinjer ved bruk av kilder og referanser på biblioteket sine nettsider	<input checked="" type="checkbox"/>

Publiseringsavtale

Studiepoeng: 15

Rettleiar: Solveig Straume

Fullmakt til elektronisk publisering av oppgåva

Forfattar(ane) har opphavsrett til oppgåva. Det inneber mellom anna einerett til å gjere verket tilgjengeleg for allmenta (Åndsverklova §2).

Alle oppgåver som oppfyller kriteria vil bli registrert og publisert i Brage HiM med forfattar(ane) si godkjenning.

Oppgåver som er unnateke offentlegheita eller bandlagt vil ikkje bli publisert.

Eg/vi gir hermed Høgskolen i Molde ein vederlagsfri rett

til å gjere oppgåva tilgjengeleg for elektronisk publisering:

ja nei

Er oppgåva bandlagt (konfidensiell)?

ja nei

(Bandleggingsavtale må fyllast ut)

- Dersom ja:

Kan oppgåva publiserast når bandleggingsperioden er slutt?

ja nei

Er oppgåva unnateke offentlegheita?

ja nei

(inneheld taushetsbelagt informasjon. Jfr. Offl. §13/Fvl. §13)

Dato: 26.05.17

Føreord

Denne oppgåva markerer slutten på ei tre år lang bachelorgrad i Sport Management ved Høgskolen i Molde. Å skrive bacheloroppgåve har vore både spanande og givande, men også krevjande.

I forbindelse med oppgåva har eg vore utplassert i IL Hødd Fotball. Etter å ha blitt anbefalt eit tema frå klubben, bestemte eg meg raskt for at dette var noko eg ville arbeide vidare med. Spelarutvikling generelt, men også på tvers av klubbar, er noko eg alltid har syntest vore interessant. Gjennom gode samtalar og intervju internt i IL Hødd Fotball, samt intervju med dei største breiddeklubbane på Søre Sunnmøre, har eg fått eit godt og klart innsyn på kva som er bra, og kva som kan bli betre, i IL Hødd Fotball sitt bidrag til utviklinga av lokale og regionale spelarar. Teorien eg har funne har også vore til stor hjelp.

Eg vil takke alle tilsette i IL Hødd Fotball for eit lærerikt og artig halvår. Takk også til kvar og éin av intervjuobjekta for gode og tydelige svar. Min rettleiar, Solveig Straume, vil eg takke for god oppfølging og gode råd undervegs.

Eirik Heltne

Høgskolen i Molde, 26.05.17

Sammendrag

Innleiing: IL Hødd Fotball er kjent som ein klubb som har utvikla gode lokale og regionale spelarar. I dei seinare år, etter cupfinalen i 2012 der fjorten av tjuetru spelarar i A-stallen var lokale eller regionale, har talet gått ned. Hensikta med denne studien er få eit innblikk i oppfatninga blant dei største breiddeklubbane i regionen Søre Sunnmøre om korleis IL Hødd Fotball legg til rette for utviklinga av lokale og regionale spelarar. Samtidig vil relevant teori stille spørsmål med måten Hødd arbeider på.

Teori: Denne studien inneheld teori om omgrepet spelarutvikling, viktigheta av ein god trenar, forskjellen og bruken av talentidentifisering og talentselektering, tidleg spesialisering versus allsidighet, samt differensiering og hospitering.

Metode: Det er blitt brukt ein kvalitativ metode for å svare på problemstillinga. Studien baserast på ein fotballklubb sitt arbeid med spelarutvikling internt og eksternt. Opne individuelle intervju er brukt for innsamling av data.

Resultat, diskusjon og konklusjon: Studien har identifisert tolv ulike oppfatningar som i større eller mindre grad går igjen blant breiddeklubbane: fire om korleis Hødd sitt arbeid med spelarutvikling oppfattast utanfrå, samt åtte om korleis Hødd bidreg til utviklinga av regionale spelarar. Teorien seier at Hødd arbeider på ein god måte med tanke på spelarutvikling, men stiller samtidig spørsmål om tidleg spesialisering versus allsidighet, samt talentidentifikasjon/talentseleksjon.

Nøkkelord: spelarutvikling, talentidentifisering og talentseleksjon, tidleg spesialisering versus allsidighet, differensiering og hospitering, Hødd, breiddeklubb.

Innhald

1.0	Innleiing	1
2.0	Teori	3
2.1	Omgrepet spelarutvikling.....	3
2.2	Betydinga av ein god trenar	4
2.3	Korleis leggje til rette for spelarutvikling?	4
2.3.1	Talentidentifisering og talentslektering.....	4
2.3.2	Tidleg spesialisering versus allsidighet.....	6
2.3.3	Differensiering og hospitering	8
2.4	Oppsummering.....	9
3.0	Metode.....	10
3.1	Metodisk tilnærming	10
3.2	Innsamling av data	11
3.3	Analyse.....	12
3.4	Validitet og reliabilitet	12
3.5	Etikk	13
3.6	Mi eiga rolle	13
4.0	Resultat og diskusjon	15
4.1	Korleis Hødd arbeider med spelarutvikling	15
4.2	Hødd og spelarutvikling sett utanfrå	16
4.2.1	Hødd og spelarutvikling.....	17
4.2.2	Hødd og trenarkompetanse	19
4.2.3	”Hødd Ekstra”	20
4.3	Breiddeklubbane om Hødd sitt bidrag til utviklinga av regionale spelarar	21
4.3.1	Besøk i breiddeklubbane	22
4.3.2	Henting av unge spelarar.....	23
4.3.3	Gir regionale spelarar, samt lokale, for sjeldan sjansen på A-laget.....	24
4.3.4	Val av spelarar til ”Team Søre”	25
4.3.5	Andre kommentarar	25
4.3.6	Oppsummering.....	26
5.0	Konklusjon.....	27
6.0	Vidare forskning.....	28
	Referanseliste.....	29

Vedlegg	33
----------------------	-----------

Liste over figurar:

Figur 1: Talentidentifisering og utvikling (Williams & Reilly, 2000).....	5
Figur 2: Fasar/alder og forholdet mellom <i>deliberate play</i> og <i>deliberate practice</i> (Côté, Baker & Abernethy, 2007, modifisert av Ommundsen, 2009)	7

Liste over tabellar:

Tabell 1: Hødd og spelarutvikling sett utanfrå.....	16
Tabell 2: Talet på starta kampar for A-laget i serien for spelarar oppvaksne i Hødd, samt regionale spelarar	18
Tabell 3: Hødd sitt bidrag til utviklinga av regionale spelarar.....	22

1.0 Innleiing

IL Hødd Fotball (heretter Hødd) blei stifta 1.august 1919 i Ulsteinvik som ein del av eit større idrettslag, IL Hødd. A-laget spelar på nivå 3 i det norske seriesystemet, etter at dei rykka ned frå nivå 2 i 2016. Sidan opprettinga viser nyare og eldre historie at klubben har vore opptatt av spelarutvikling, både internt og eksternt i form av å assistere breiddeklubbane i regionen å utvikle spelarar. Dette har bidrege til at Hødd har hatt mange lokale og regionale spelarar i A-stallen til ei kvar tid. I dei seinare år, etter cupfinalen i 2012 der 14 av 22 spelarar i A-stallen var regionale, har talet på lokale og regionale spelarar gått ned. Dette har ført til at Hødd i 2016 inngjekk eit samarbeid med Toppfotballsenteret, eit nasjonalt kunnskaps- og kompetansesenter med lokalar på Ullevaal stadion i Oslo. I samarbeid med norske toppklubbar sikrar Toppfotballsenteret internasjonal kvalitet på klubbane si sportslege utvikling. Samarbeidet Toppfotballsenteret har med Hødd blir kalla ”Prosjekt Toppspelarutvikling”. Dette prosjektet omhandlar blant anna ”Høddskulen” (eit auka fokus på tilrettelegging av treningane for 6-19 åringar), og ei utvikling av dagens bylagsmodell (ekstratreningar for dei mest ivrige 13 og 14 åringane i regionen) ilag med kretsen og dei regionale breiddeklubbane. Satsinga på ”Hødd Ekstra” (ein sentral del av ”Høddskulen”) har blitt godt tatt imot blant unge spelarar internt i Hødd, medan det kan sjå ut til at interessa frå unge spelarar i breiddeklubbane er meir lunken. A-stallen som rykte ned i 2016 bestod av i underkant éin tredjedel lokale og regionale spelarar. Etter dette har Hødd satt eit mål at to tredjedelar av spelarane i A-stallen skal kome frå eigen klubb eller region innan år 2020 (Ingjerd, 2016). På bakgrunn av dette, samt at også færre lokale og regionale spelarar har tatt steget til toppfotball ellers, vil denne oppgåva ta utgangspunkt i følgjande problemstilling:

Kva oppfatning har dei største breiddeklubbane på Søre Sunnmøre av IL Hødd Fotball sitt bidrag til utviklinga av lokale og regionale spelarar?

Det vil vere interessant å finne ut om breiddeklubbane er kjende med Hødd sine spelarutviklingskonsept, samt om det er av interesse eller ynskje for eit sterkare samarbeid i regionen. Vidare vil det vere spanande å sjå kva teorien seier om arbeidet til Hødd. Dette har ført til følgjande forskingsspørsmål:

- Korleis kan IL Hødd Fotball leggje til rette for eit betre utviklingsmiljø for lokale og regionale fotballspelarar som vil opp og fram?

I eit liknande studie av Sogndal Fotball viser Jåstad (2013) at toppklubbar og breiddeklubbar gjerne har ei ulik oppfatning om lokal og regional spelarutvikling. Jåstad (2013) viser til at informantane i Sogndal Fotball (toppklubben) ser føre seg at dei sjølv motiverer og inspirerer breidda gjennom meir aktivitet på deira eiga heimebane, medan informantane i breiddeklubbane ser føre seg at Sogndal Fotball inviterer seg sjølv ut til trenar- og spelarutviklingstiltak i breiddeklubbane. Sidan Sogndal Fotball er samanliknbar i størrelse med Hødd som klubb, samt at dei er avhengige av dei lokale og regionale breiddeklubbane for å produsere spelarar, blir det spanande å sjå om oppfatningane på Søre Sunnmøre er likeins som i Sogn og Fjordane. Samtidig er ikkje målet med denne studien å samanlikne desse to.

Etter innleiinga fortsetter oppgåva med gjennomgang av relevant teori. Teorien vil omhandle spelar- og talentutvikling, noko som er eit aktuelt tema i dagens idrett. Det viser seg nemleg at fleire og fleire barn og unge sluttar med organisert idrett grunna keisemd (Solstad & Lemyre, 2017). Oppgåva vil ta føre seg prinsipp som spelar ei sentral rolle med tanke på spelarutvikling. Vidare etter teorien kjem den metodiske tilnærminga. Her ligg ein kvalitativ metode til grunn, med opne individuelle intervju. Utsegna frå intervjua vil saman med teorien leggje til grunn for resultat og diskusjon, og seinare konklusjon.

2.0 Teori

Eg vil i dette kapitlet starte med ei kort forklaring av omgrepet spelarutvikling og viktigheita av ein god trenar, før eg kjem nærmare inn på følgande sentrale prinsipp: *talentidentifisering* og *talentselektering*, *tidleg spesialisering versus allsidighet*, og *differensiering og hospitering*. I slutten av kapitlet vil eg kome med ei oppsummering. Teorien under er som tidlegare nemnt dagsaktuell, sjølv om nokon av kjeldene er av eldre dato.

2.1 Omgrepet spelarutvikling

I Norges Fotballforbund (NFF) sin handlingplan for 2016-2019 omtalast spelarutvikling som noko som går føre seg i fotballaktivitet, der spelarutvikling på breiddenivå skjer i breiddeklubb, medan spelarutvikling på toppfotballnivå skjer i toppklubb, krets og på landslag. NFF sin definisjonen omtalar spelarutvikling som ”en gruppering utøvere der en skal tilrettelegge utviklingsmuligheter for gutter og jenter som har ambisjoner og forutsetninger med tanke på framtidig rekruttering til norsk toppfotball” (Norges Fotballforbund, 2015, s.22).

Ein ser ofte at toppklubbane brukar omgrepet talentutvikling i staden for spelarutvikling. Eit talent er i følge Robert N. Singer ein utøvar som har så gode ferdigheiter at han eller ho vil oppnå eit nasjonalt eller internasjonalt nivå innan idrett (i Uneståhl, 1986). Singer påpeikar vidare at personlege eigenskapar, ferdigheter og miljø må ligge grunn for at talentet skal bli realisert. Ommundsen (2011) skil mellom det snevre og utvida talentomgrepet. Det snevre omhandlar kva ferdigheter ein utøvar har ”her og no”, medan det utvida ser på evna til å utvikle eit potensial opp i mot toppen over tid.

Felles for omgrepa talentutvikling og spelarutvikling er at dei begge omhandlar utvikling, noko fotballtrenar Stuart Baxter omtalar som: ”En kontinuerlig og positiv tilpasning på en rekke områder som medfører en tilpasning på et høyere prestasjonsnivå.” (Baxter, 2011). Medan det i toppklubbane ofte omhandlar ei mindre gruppe selekterte spelarar (talent), handlar det for breiddeklubbane oftast om større grupper der ein skal utvikle alle, men samtidig gi dei beste og mest ivrige noko ekstra.

2.2 Betydinga av ein god trenar

Kjørmo (1994) definerer trenarrolla ut i frå eit utviklingsorientert perspektiv, der den viktigaste oppgåva er å leggje til rette for utøvarane si idrettslege utvikling basert på dei retningslinjene som gjeld for kvar enkelt sitt idrettslag. Heinemann (1988) ser det meir utifrå eit sosiologisk perspektiv, der ein rettar merksemda mot ansvaret ein har for utøvarane sine prestasjonar. Valla (2016) gjorde i si A-lisenstrenaroppgåve ei undersøking av landslagsaktuelle spelarar si oppfatting av trenaren si rolle i deira utvikling. Alle informantane meinte det var dei sjølve som til sjuande og sist måtte gjere jobben, men trenaren si rolle som rettleiar og samtalepartner spela ei betydeleg rolle i deira utvikling. Det blei påpeikt at små tips rundt detaljar kunne gjere at dei fekk ei ”a-ha” oppleving som dei kunne ta med seg vidare. Larsen (2013) viser gjennom ei undersøking at ikkje berre det fotballfaglege blant trenarane er viktig for dei spelarane som har lukkast, men likeins verdispørsmål som tryggleik, rettferd, samhald og at treningane var lagt opp morosame.

2.3 Korleis leggje til rette for spelarutvikling?


Dei siste åra har det vore fleire debattar om korleis klubbane i Norge arbeider med spelarutvikling. Sentrale prinsipp som går igjen er talentidentifisering og talentselektering, tidleg spesialisering versus allsidighet, og differensiering og hospitering. Eg vil ta føre meg teori om dei nemnte prinsippa, der eg vil prøve å finne ut korleis klubbar best mogleg kan leggje til rette for spelarutvikling.

2.3.1 Talentidentifisering og talentselektering

Eit talent kan definerast som ein person som har ei naturleg evne til å prestere godt (Oxford Advanced Learners Dictionary, 2005). Medan talentidentifisering omhandlar å sjå føre seg kva spelarar som har størst utviklingspotensial for framtida, omhandlar talentselektering det å plukke ut dei beste spelarane på eit gitt tidpunkt (Russel, 1989).

Talentidentifisering er ein prosess der ein ynskjer å kjenne igjen karakteristikk ut i frå eigne eller andre sine kriterier. Det handlar om å finne spelarar som på sikt har potensial til å bli gode (Sæther, 2014). Williams og Reilly (2000) har framstilt ein modell (figur 1) som viser ein typisk prosess der klubbar søkjer etter framtidig gode spelarar. Fasen *Detection*

omhandlar det å oppdage spelarane sitt potensial. *Identification* er fasen der klubbane skal kjenne igjen spelarane etter kriteriene dei meiner er viktig. *Selection* omhandlar det å plukke ut dei spelarane med størst utviklingspotensial basert på identifikasjonen. *Development* er miljøet spelarane oppheld seg i for å utvikle seg til å bli best mogleg.



Figur 1: Williams & Reilly (2000) sin modell for talentidentifisering og utvikling.

Sidan fotball er ein kompleks idrett, vil det vere vanskeleg å spå kven som blir gode i framtida. Denne kompleksiteten fører også til at det er vanskeleg å velje kva karakteristikk identifiseringa skal baserast på. Blant forskinga finn ein både fysiske, fysiologiske, psykiske, personlege og sosiale karakteristikkar (Williams & Reilly, 2000). I nyare forskning ser ein at fokuset i stor grad er på intelligens, oppfatning og gjenkjenning i spelet, samt motivasjon. Dette er former for psykologiske ferdigheter (Henriksen, 2008). Sæther (2017) seier at mange av dei norske fotballtrenarane prøvar å vektleggje dei fleste fotballferdighetene, og at karakteristikkane gjerne er subjektive. Han påpeiker at identifiseringa er kompleks, og at det trengst meir forskning på feltet. Hohmann og Seidel (2003) seier at talentidentifisering kan føre til auka motivasjon blant unge spelarar. Dei påpeiker samtidig at det er vanskeleg å vite kva kriterier ein skal basere identifiseringa på, noko som gjer ein vil gå glipp av spelarar med stort potensial. Dette vil igjen kunne føre til fråfall.

Noko av forskinga, som figur 1 (Williams & Reilly, 2000), baserer talentseleksjon på talentidentifisering. Russel (1989) derimot, skil talentidentifisering frå talentseleksjon. Han omtalar talentseleksjon som det å velje ut dei beste spelarane her og no (for eksempel til

neste kamp). Som Russel, skil Sæther (2017) talentidentifisering frå talentseleksjon. Han definerer uttak av talentfulle spelarar til aldersbestemte landslag som seleksjon, ettersom basisen er å ta ut dei spelarane som er best til ei kvar tid. Ein tendens her er relativ alderseffekt, der talentseleksjonen i stor grad baserer seg på spelarane som er født tidleg på året. Dersom ein i større grad skulle tenkje at ein identifiserte talentfulle spelarar til aldersbestemte landslag, meiner Sæther ein må ha endra kriteria for uttak. På kort sikt vil gjerne talentselektering gi resultat (som å vinne neste kamp), men forskinga seier, i følge Sæther, at unge spelarar i hovudsak utviklar talentet sitt i alderen 13 til 19 år (i Dahl, 2016). Samtidig vil talentseleksjon, som også ved den komplekse talentidentifiseringa, kunne føre til fråfall (Henriksen, 2008), men også auka motivasjon (Hohmann og Seidel, 2003).

2.3.2 Tidleg spesialisering versus allsidighet

Forholdet mellom tidleg spesialisering og allsidighet er eit tema som ofte blir diskutert innanfor spelarutvikling. Forkjemparar for tidleg spesialisering snakkar ofte om den motoriske gullalderen (Kopp, 2011). Det blir påpeikt av Thierry Kopp, sportsleg ansvarleg i Norsk Fotballakademi, at mengdetrening i form av spesifikk motorikk, koordinasjon og tekniske grunnferdigheiter i alderen 6-12 år, vil enklare kunne bli påverka i denne alderen, enn seinare i livet. Innselset seier at elementære motoriske ferdigheiter som bli lært i denne alderen gir eit godt utgangspunkt for eit aktivt vaksenliv (i Kjensli, 2008). Forkjemparar for allsidighet viser til forskning som seier at utøvarar på elitenivå ofte har ein meir allsidig bakgrunn enn utøvarar på ikkje-elitenivå (Côté, Baker & Albernethy, 2003). Det blir også påpeikt at tidleg spesialisering kan føre til fråfall grunna at spelarane blir lei den spesifikke idretten (Thompson, Barnsley & Battle, 2004).

Côté et al. (2003) er særleg opptatt av forholdet mellom "*deliberate play*" og "*deliberate practice*", og på kva måte desse fremjar optimal prestasjonsutvikling og realisering av potensial blant unge utøvarar. *Deliberate play* legg til grunn allsidig idrettsleg praksis og leikprega fysisk rørsle (Côté, 1999). Aktiviteten i seg sjølv har eigenverdi og den fungerer i fleire ulike kontekstrar. Dette er ei form for allsidig aktivitet. *Deliberate practice* legg til grunn tidleg investering i systematisk trening med konsentrasjon om éin idrett (Ericsson, Krampe & Tesch-Römer, 1993). Her har aktiviteten ein instrumental verdi, der formålet er å oppnå eit framtidig mål. Dette er ei form for tidleg spesialisering.

Faser/alder	Sanker/allsidighet	Beg. Spesialisering	Investering
Innhold	6-12 år	13-15 år	16+
Deliberate play	Sterkt betont (++)	Noe betont (+)	Ikke betont (-)
Deliberate practice	Ikke betont (-)	Noe betont (+)	Sterkt betont (++)

Figur 2. Fasar/alder og forholdet mellom *deliberate play* og *deliberate practice* (Côtè, Baker & Abernethy, 2007, modifisert av Ommundsen, 2009).

Figur 2 framstiller forskning på forholdet mellom tre fasar/alderar, og *deliberate play* og *deliberate practice*. For optimal prestasjonsutvikling og realisering av potensial for unge utøvarar seier forskinga at det i alderen 6-12 år bør vere fokus på *deliberate play*, i alderen 13-15 år bør *deliberate play* og *deliberate practice* vere likestilte, medan det i alderen 16 + bør vere fokus på *deliberate practice* (Côtè et al., 2003).

Det er også viktig å påpeike at den allsidige leiken (*deliberate play*) har hatt ein stor nedgang dei siste åra (Hjorthol & Nordbakke, 2015). I noko grad kan dette skuldast at kvardagen til barn og unge er gjennomorganisert med mange planlagde økter.

Det finnast suksesshistorier av både utøvarar med ein allsidig oppvekst, og utøvarar med ein oppvekst der ein har spesialisert seg tidleg. Dei norske handballherrane, som tok sølv i Handball VM 2017, er eit døme på fyrstnemnte. Fellesnemnaren for kvar og ein av spelarane som tok VM-sølv er allsidighet (Hole, 2017). Ein finn samtidig eksempel på det motsette. Dei islandske fotballherrane, som slo ut England i åttandedelsfinalen i fotball EM i 2016, har alle hatt ein oppvekst med mykje organisert trening i ung alder. Islands beste spelar gjennom tidene, Eidur Gudjohnsen, meiner at denne satsinga er hovudgrunnen til den islandske fotballsuksessen (Godø, 2016). Uansett er det liten tvil om at det meste av forskinga støtter opp om ein allsidig aktivitetsbakgrunn (Côtè et al., 2003).

2.3.3 Differensiering og hospitering

Differensiering er ei form for positiv forskjellsbehandling, der målet er at alle spelarar i ei gruppe skal få dei rette utfordringane som fører til mestring, trivsel og utvikling. Det handlar om å utfordre spelarane ulikt, men at dei samtidig skal vere saman. Ein skal ikkje dele opp i faste grupper som trenar for seg sjølv. Gruppene skal til ei kvar tid vere dynamiske (Larsen, 2016).

Eit verktøy for differensiering er hospitering. Dette omhandlar at spelarar enten trenar og spelar på lag i eit høgare årstrinn, eller at spelarar trenar med andre klubbar (NFF, 2011). Det kan også skje innanfor eit årstrinn, der spelarar som høyrer til eit 2.lag får moglegheita til å prøve seg på eit 1.lag (Sæther, 2014). Nokon klubbar, som Blindheim IL på Sunnmøre, praktiserer også ”omvendt” hospitering. Dette inneberer at spelarar prøvar seg på eit lågare nivå for å oppleve større mestring (Blindheim IL, 2013). Sæther (2017) påpeikar at hospitering kan vere, saman med differensiering, eit suksesskriterium for spelarar som seinare spelar fotball på elitenivå. Han viser vidare at dei som lukkast med å kome til toppfotballen har få klubbskifter, gjerne fordi dei ventar til dei er 15-16 år før dei melder overgang til ein toppklubb, noko til dømes Trøndelag Fotballkrets og Rosenborg BK har god erfaring med (Smågesjø, 2016). Trøndelag Fotballkrets og Rosenborg BK argumenterer med at ein blir mindre avhengig av miljøet ein er vakse opp i når ein har nådd denne alderen. I følgje ein artikkel av Johnsen (2017) i fotballbladet Josimar ventar også Odds BK (tidlegare Odd Grenland) til spelarane er 15-16 år før dei melder overgang. Artikkelen i fotballbladet viser til at dette blant anna har resultert i at Odds BK i 2016 kom på 9.plass i Europa med tanke på bruken av regionalt utvikla spelarar. Til Josimar seier klubbdirektør Einar Håndlykken følgjande angående ein regional spelar:

Han får sannsynligvis debut i Eliteserien i år. Han er vokst opp på Heistad, 30 minutter fra Skagerak Arena. Ryktet sier at både Stabæk og Vålerenga ville hente ham da han var 12-13 år. Han ble i moderklubben Hei og har hospitert hos oss énto ganger i uken i ungdomsårene. Han har fått utvikle seg sammen med kameratene sine. Det er bra for klubben hans og laget han spilte på. Den modellen tror vi på (Johnsen, 2017).

Dette kan tyde på at hospitering (og differensiering), både internt og eksternt, vil kunne gi nok utfordringar til at fotballspelarar skal kunne oppleve utvikling. Sidan barn og unge meistrar på ulike nivå kan differensiering og hospitering vere viktig. Det vil alltid vil vere forskjell i fysisk- og mental modning, motorikk, ballteknikk, speleforståing og ikkje minst motivasjon blant unge utøvarar.

2.4 Oppsummering

Innan fotballen handlar spelarutvikling om ei kontinuerleg og positiv tilpassing som over tid vil føre til eit høgare prestasjonsnivå (Baxter, 2011). Ein trenar vil i denne samanhengen har ei sentral som rettleiar og samtalepartner (Valla, 2016). Dette seier noko om viktigheita av ein trenar med god kompetanse. Teorien seier vidare at ein må vere forsiktig med prinsippet talentidentifisering, og kanskje spesielt talentselektering, då unge spelarar gjerne utviklar talentet sitt i alderen 13 til 19 år (Sæther i Dahl, 2016). Samtidig kan bruken av desse prinsippa føre til større fråfall i idretten (Henriksen, 2012). Ved nokon høve kan desse prinsippa føre til auka motivasjon (Hohmann & Seidel, 2003). Teorien støttar ein allsidig oppvekst (Côté et al., 2003), samtidig som det også finnast døme på at tidleg spesialisering kan føre til suksess (Godø, 2016). Forskjellsbehandling i form av differensiering og hospitering vil kunne føre til betre utfordringar for kvar enkelt, samt skape mestring, trivsel og utvikling, noko som vil vere positivt i utviklinga av spelarar innan fotballen (Larsen, 2016).

3.0 Metode

3.1 Metodisk tilnærming

I forskning skiljar ein gjerne mellom to ulike metodiske tilnærmingar: kvalitativ og kvantitativ. Medan ei kvantitativ tilnærming er lukka og basert på tal, noko som gjer at den tillater mange respondentar, er ei kvalitativ tilnærming open og basert på verbale skildringar, noko som gjer at det blir vanskeleg med mange respondentar (Polit & Beck, 2014). Begge tilnærmingane blei vurdert for denne oppgåva, men fordelene av det å kunne gå i djupna blei sett på som viktigare enn fordelene av det å kunne nå fleire respondentar. Ei metodetriangulering var også oppe til vurdering, ei blanding av metodane (Jacobsen, 2005), men valet falt til slutt på den kvalitative tilnærminga.

Det er både fordeler og ulemper med ei kvalitativ tilnærming. Nokon av fordelane er at ein i større grad får openheit og nærleik til intervjuobjekta. Samtidig er det ressurskrevjande, noko eg også erfarte sjølv i form av reising, førebuing og etterarbeid. Dette førte til at talet på respondentar blei avgrensa, noko som igjen førte til at det blei vanskeleg å generalisere funna. Dette er noko som er heilt vanleg ved bruken av ei kvalitativ tilnærming (Jacobsen, 2015).

I denne studien har eg valt å nytte ein case-studie som overordna design. Dette blir beskrevet som ei empirisk undersøking av eit bestemt moderne fenomen, der ein nyttar eit utval av kjelder som bevis (Robson, 2011). I følge Jacobsen (2015) kan dette vere når ”en forsker går dypt inn i en organisasjon” (s. 97), noko eg gjorde i form av organisasjonen Hødd.

Utvalet i denne studien er dei fire største breiddeklubbane i regionen Søre Sunnmøre, i tillegg til Hødd. I følge tall frå Sunnmøre Fotballkrets hadde desse breiddeklubbane mellom 20 og 60 lag i sesongen 2015. Vidare har alle breiddeklubbane ekstratiltak av ulik størrelse. Alle breiddeklubbane har også daglege leiarar, samt større eller mindre stillingar med tanke på tilsette trenarar.

3.2 Innsamling av data

Data i case-studier kan innhentast frå ulike observasjonsmetodar, intervju og dokumentundersøkingar (Leedy & Ormrod, 2005). Denne case-studien brukar opne individuelle intervju som innsamlingsmetode. Dette er i følgje Jacobsen (2015) ein god måte å få tak i detaljerte oppfatningar av eit fenomen, noko også eg erfarte.

I denne studien har eg utført fem opne individuelle intervju: eitt i Hødd, og eitt i kvar av dei fire breiddeklubbane. Fire av intervjuane blei gjort ansikt til ansikt, medan eitt var via e-post. Intervjuobjektet i Hødd blir halde opent, medan intervjuobjekta i breiddeklubbane blir halde anonyme.

I Hødd var valet av intervjuobjekt relativt enkelt, då det valte objektet, trenar og spelarutviklar Sander Håskjold Nyland, har viktige oppgåver med tanke på å få opp talent frå eigen klubb og området rundt. Nyland har B-lisens som trenar, A-lisens som keepertrenar, samt ei bachelorgrad i trenarrolla frå Norges Idrettshøgskule. I dag har han ansvar for rekruttlaget i Hødd, i tillegg til stillinga som spelarutviklar. Han kom til Hødd i 2016, då han hadde ansvaret for G14 laget. I utvalet i breiddeklubbane valte eg å kontakte daglege leiarar, som vidare anbefalte kven eg skulle intervju for å få best moglege svar. Utvalet enda på to daglege leiarar, og to trenarar. Felles for desse er at dei er mannlege, dei er over 40 år, samt at dei har lang erfaring i dei representative klubbane. Begge dei daglege leiarane har òg arbeidd som trenarar.

I forkant av intervjuane blei informantane informert om studiens hensikt, samt intervjuane sin anonymitet (intervjuane med breiddeklubbane). Vidare blei spørsmåla haldt mest mogleg opne for å unngå påverknad, dette i form av semi-strukturerte intervju. Der intervjuobjekta oppfatta spørsmåla som litt uforståelege, valte eg å kome med oppfølgingsspørsmål. Dette auka sjansen for undersøkingseffekt, noko som alltid vil vere tilstade ved intervju (Jacobsen, 2015). Ein intervjuguide blei forberedt på forhand, slik at intervju skulle gå føre seg på ein ryddig måte. Eg laga éin intervjuguide for Hødd (vedlegg 1), og éin intervjuguide for breiddeklubbane (vedlegg 2). I starten av intervjuguidane blei det satt opp spørsmål om bakgrunn og spelarutvikling basert på teorien. Dette for at intervjuobjekta skulle kunne prate seg varme. Vidare blei intervjuguiden for Hødd satt opp med spørsmål om arbeidet Hødd gjer internt, samt arbeidet dei gjer ut mot

breiddeklubbane. Intervjuguiden for breiddeklubbane blei etter innleiingsspørsmåla satt opp med spørsmål om deira eigen klubb, samt spørsmål om arbeidet Hødd gjer internt og ut mot breiddeklubbane. Begge intervjuguidane blei avslutta med spørsmål om vegen vidare.

3.3 Analyse

Neste steg etter at intervjuet var gjennomført var transkribering. Dette var ein krevjande, men samtidig viktig prosess. Nilssen (2012) seier at denne prosessen er ein viktig del av analyseprosessen, samtidig som ein blir betre kjent med eget datamateriale. Han påpeikar også at transkriberinga bør gjennomførast rett etter opptaket, noko som var tilfellet i denne studien.

Eg skreiv fyrst ned alt for å få oversikt over heilheita, før eg valte å kategorisere innhaldet gjennom ei innhaldsanalyse. Å kategorisere vil syntetisere innhaldet, der målet er å ende opp med eit overblikk over materialet i form av samanhengar, likskapar og forskjellar (Brinkmann & Tangaard, 2012).

Kategoriane eg valte var *Hødd og spelarutvikling sett utanfrå* og *Hødd sitt bidrag i utviklinga av regionale spelarar*. Om Hødd dyrkar vidare på dei positive bidraga, samt tek tak i utfordringane, vil dei kunne på ein betre måte leggje til rette for utviklinga av lokale og regionale spelarar i framtida. Desse kategoriane vil igjen leggje grunnlaget for vegen vidare. Eg valte å gi dei ulike kategoriane fargar (positive bidrag – gul, utfordringar – raud). Dette for å gjere det enklare for meg sjølv, samtidig som det gav ei god oversikt over konteksten.

3.4 Validitet og reliabilitet

Validitet omhandlar gyldighet, medan reliabilitet omhandlar pålitelegheit. Den interne validiteten viser i kva grad datamaterialet svarar til forskaren sine intensjonar med undersøkinga, medan den eksterne validiteten viser i kva grad undersøkinga kan overførast til andre samanhengar og utval (Leseth & Tellmann, 2014).

I denne studien har datamaterialet – intervjuobjekta sine svar – svara godt til forventingane (intern validitet). I kva grad undersøkinga kan overførast til andre samanhengar eller utval er eigentleg ikkje aktuelt då hensikta er å kartleggje oppfatningane breiddeklubbane på Søre Sunnmøre har av Hødd, og ikkje andre klubbar (ekstern validitet). Studien har heller ikkje nokon openbare målefeil, noko som gjer den påliteleg (reliabel).

3.5 Etikk

Det er tre krav som må innfriast med tanke på det etiske aspekt mellom forskar og dei undersøkte. Desse er informert samtykke, krav til privatliv og krav til korrekt presentasjon. Informert samtykke omhandlar i kva grad intervjuobjekta frivillig deltar, samt informasjon dei får om korleis intervjuet vil bli brukt. Krav til privatliv omhandlar moglegheita for å identifisere enkeltpersonar, medan korrekt presentasjon handlar om korleis intervjuobjekta blir korrekt attgjeve (Jacobsen, 2015).

Alle dei aktuelle informantane stilte opp frivillig til intervju, samt at dei fekk i forkant vite intervju si hensikt, og kva den aktuelle informasjonen dei gav ville bli brukt til. Intervjuobjekta (i breiddeklubbane) blei vidare haldt anonyme for å få best moglege svar. Med tanke på anonymitet vil det ikkje vere vanskeleg å identifisere kva klubbar som er aktuelle. Dette fordi det er snakk om dei fire største breiddeklubbane på Søre Sunnmøre. Å identifisere kva klubb som seier kva, og kven som er klubbens intervjuobjekt, skal derimot vere vanskeleg. Ved at fire av intervju er tatt opp på lydband, samt eitt skriftleg på E-post, vil ikkje sitata bli tatt ut av samanhengar. Samtidig blei alle intervju sendt tilbake til objekta for godkjenning.

3.6 Mi eiga rolle

Mange bacheloroppgåver har som utgangspunkt ein førespurnad frå ei bedrift. I slike samanhengar vil forskaren ha ein oppdragsgivar, noko denne studien er eit eksempel på. I tillegg til rolla eg har gjennom utplasseringa, der eg blant anna er involvert i ”Hødd Ekstra”, har eg også tidlegare vore spelar i klubben. Dette er noko som er kjent blant intervjuobjekta i breiddeklubbane, noko som i større eller mindre grad vil kunne ha påverka svara eg fekk. Vidare vil eit viktig krav til meg som forskar vere å unngå at

undersøkinga bevisst skal gi dei svara oppdragsgivar er ute etter (Jacobsen, 2015). Dette er noko eg føler eg har fått til, og då spesielt ved å stille kritiske spørsmål ved noko av det arbeidet Hødd gjer angående spelarutvikling.

4.0 Resultat og diskusjon

Hensikta med dette kapitlet er å få fram og diskutere studiens resultat. Resultata baserast på intervjuobjekta sine sitat, der intervjuet med Hødd sin eigen representant, rekrutt-trenar og spelarutviklar Sander Håskjold Nyland, vil leggje grunnlaget. Vidare vil resultata bli diskutert og kopla opp mot teorien. Kapitlet er delt opp slik at funna som er identifisert skal kome tydeleg fram. Dette er gjort gjennom eit skilje av dei to kategoriane, *Hødd og spelarutvikling sett utanfrå* og *Breiddeklubbane om Hødd sitt bidrag i utviklinga av regionale spelarar*, samt eit skilje av sitata frå kvart enkelt objekt. Kvar enkelt kategori vil også ha underkategoriar. Det vil òg vere ei oppsummering i form av tabellar, der dei viktigaste funna frå dei to kategoriane kjem fram. Ei kort oppsummering over heilheita vil også komme til slutt.

4.1 Korleis Hødd arbeider med spelarutvikling

Sander Håskjold Nyland er ein av tre nytilsette trenarar/spelarutviklarar i Hødd. Trenarane har i følge Nyland fleire oppgåver i klubben. Dei er blant anna ansvarlege for kvart sitt elitelag, høvesvis rekruttlaget, G16 og G14. Samtidig er dei ansvarlege for å følge opp trenarane på breidde- og jentelaga, samt trenarane i barnefotballen. Trenarane har også, i lag med andre tilsette i klubben, ansvar for ulike elitetiltak, trenarforum, klubbesøk, samt hospiteringsordningar. Nokre av desse tiltaka er nyoppstarta frå år 2017 under namnet "Høddskulen", noko som gjer at noko mykje av grunnlaget for intervjuet er basert på ordningane som har eksistert tidlegare. Elitelaga og elitetiltaka, samt klubbesøk, er nytt frå år 2017, medan trenarforum og hospiteringordningar også har fungert tidlegare.

Nyland seier at klubben fokuserer på differensiering og hospitering. Dei har også ein "blå tråd" frå barnefotballen og heilt opp til A-laget, der spelarane i klubben går gjennom ei utviklingstrapp frå trening til trening, frå år til år. Hødd har også ekstratilbod til dei mest ivrige unge spelarane, der "Hødd Ekstra" er sentralt. Dette er eit ekstratilbod for jenter og gutar i alderen 7-12 år, der det er fri påmelding, men kriterier som motivasjon og konsentrasjon er forventa. Spelarane i denne alderen har også ekstratilbod i form av fotballfritidsordning (FFO) rett etter skuletid. Når gutespelarane er i alderen 13-19 år delar Hødd opp i elite- og breiddegrupper. Desse gruppene vil til ei viss grad vere dynamiske, sjølv om dei talentfulle spelarane i utgangspunktet blir selekterte.

I følge Nyland omhandlar Hødd sitt bidrag inn mot breiddeklubbane blant anna deltaking på "Hødd Ekstra" og FFO, samt naboklubbhospitering i elitegruppene G14, G16 og rekruttlaget. Hødd har også ansvaret for "Team Søre" og kretslag (saman med Aalesund FK). "Team Søre" er eit tiltak for dei mest lovande spelarane i regionen Søre Sunnmøre, medan kretslaget er eit tiltak for dei mest lovande spelarane i Sunnmøre Fotballkrets. Når det gjeld trenartiltak, inviterer Hødd breiddeklubbane på trenarforum og barnefotballkveldar. Ein av dei tilsette trenarane vil også ha ansvar for "naboklubb". Dette omhandlar besøk til breiddeklubbane i regionen, der påverknad av både trenarar og spelarar er sentralt. Nyland seier Hødd har ein strategi om at klubben skal ha ein lokal og regional identitet, der arbeidet med breiddeklubbane skal vere sentralt.

Det er viktig å påpeike at mykje av spelarutviklingsarbeidet i Hødd er nytt av året. Det betyr at svara frå breiddeklubbane både baserer seg på Hødd sine eldre modellar, samt den nye.

4.2 Hødd og spelarutvikling sett utanfrå

Inntrykket blant tre av breiddeklubbane er at Hødd arbeider godt med spelarutvikling. Det er i hovudsak to positive ting som går igjen: Hødd har ein god modell for utvikling av spelarar, og Hødd har mykje god trenarkompetanse. Samtidig påpeikar éin av breiddeklubbane at oppfatninga av Hødd og spelarutvikling er ok. Denne breiddeklubben, samt ein annan breiddeklubb, meiner at Hødd sjeldan får fram eigenproduserte spelarar. To av breiddeklubbane er positive til Hødd sitt nye prosjekt "Hødd Ekstra", medan dei to andre er meir avventande. Noko av dette går på at klubbane ikkje føler Hødd har forankra godt nok kva dei legg i tilbodet.

Tabell 1: Hødd og spelarutvikling sett utanfrå

Hødd og spelarutvikling sett utanfrå - oppsummert
<p>Hødd har/er:</p> <ul style="list-style-type: none"> • ... god modell for utvikling av spelarar. • ... gir lokale spelarar for sjeldan sjansen på A-laget. • ... mykje god trenarkompetanse.

- ... eit spanande tiltak i form av ”Hødd Ekstra”.

4.2.1 Hødd og spelarutvikling

Generelt sett er inntrykket blant breiddeklubbane positivt med tanke på Hødd og spelarutvikling. Vidare er éin av breiddeklubbane meir skeptisk.

Breiddeklubb 1:

Dei har ein god kjøreplan for spelarutvikling. Forskjellen er at dei har ein kultur for toppfotball, der det vil vere viktig å også tenkje på breiddefotballen oppi det heile. Eg synest Hødd gjer mykje rett med tanke på dette.

Breiddeklubb 2:

Hødd har på aldersbestemt nivå ein god modell for spelarutvikling. Samtidig verkar det som at det er vanskeleg for lokale spelarar å få sjansen på A-laget.

Breiddeklubb 3:

Hødd driv veldig godt med tanke på spelarutvikling. Det verkar som dei er flinke i arbeidet med unge spelarar.

Breiddeklubb 4:

Hødd verkar å vere heilt greie på spelarutvikling. Inntrykket er at dei får fram få eigenproduserte spelarar.

Som Nyland påpeikte fokuserer Hødd på differensiering og hospitering. Sæther har i si bok ”De norske fotballtalentene: Hvem lykkes og hvorfor?” (2017), funne ut at hospitering, saman med differensiering, er eit suksesskriterium for dei spelarane som lukkast. Dette kan tyde på at Hødd på desse områda, som breiddeklubb 1, 2 og 3 påpeikar, har ein god modell for spelarutvikling.

Med tanke på topp og breidde har Hødd, i følgje Nyland, tilbod til alle som vil spele fotball fram til dei er 19 år. Hødd selekterer talent frå alderen 13 år, noko teorien ikkje støttar opp om. Sæther påpeikar at unge spelarar gjerne utviklar talentet sitt i alderen 13 til 19 år (Dahl, 2016). Noko som derimot kan vere skummelt er at talentseleksjon vil kunne føre til

fråfall (Henriksen, 2008). Samtidig kan det kunne føre til auka motivasjon blant dei utvalte (Hohmann & Seidel, 2003). Talentidentifikasjon og talentseleksjon er gjerne subjektiv og individuell (Sæther, 2017), noko som tyder på at det ikkje er noko ”fast oppskrift”. Dette seier noko om kor komplisert det kan vere å basere spelarutviklingsmodellar på identifisering og selektering av talent.

Som nemnt i innleiinga har talet på etablerte lokale spelarar på Hødd sitt A-lag spesielt, samt regionale spelarar, gått ned dei siste åra (sjå også tabell 2). To av breiddeklubbane kan derfor ha eit poeng i at det er færre lokale spelarar som får sjansen over tid/tek steget. Noko av grunnen til at talet på regionale spelarar har gått ned er forklart ved at tre av desse spelarane har meldt overgang til klubbar på høgare nivå. Det kan uansett stillast spørsmålsteikn ved arbeidet klubben har gjort dei siste åra. I følgje Nyland er klubben fult klar over dette. Han seier at ”Høddskulen” er eit sentralt tiltak for å snu denne trenden. Samtidig er endringane allereie i gang, då A-laget i den første seriekampen i 2017 starta med tre spelarar som har vore i Hødd heile karrieren, samt tre regionale spelarar, følgje statistikk frå altomfotball.no. A-stallen til Hødd i 2017 inneheld også to tredjedelar lokale og regionale spelarar (altomfotball.no), noko som også var målet til klubben innan år 2020 (Ingjerd, 2016).

Tabell 2: Talet på starta kampar for A-laget i serien for spelarar oppvaksne i Hødd, samt regionale spelarar

År	Oppvaksen i klubben – Mellom 20 og 30 kampar	Oppvaksen i klubben – Mellom 10 og 20 kampar	Regionale (Søre Sunnmøre) – Mellom 20 og 30 kampar	Regionale (Søre Sunnmøre) – Mellom 10 og 20 kampar	Totalt – Mellom 10 og 30 kampar	Talet på lokale/regionale spelarar selt/gått til høgare nivå
2012	0	0	4	3	7	1
2013	0	0	5	2	7	1
2014	0	0	2	4	6	0
2015	0	0	3	1	4	1
2016	1	0	1	2	4	0

Tala er henta frå altomfotball.no

4.2.2 Hødd og trenarkompetanse

Breiddeklubbane meiner Hødd har mykje god trenarkompetanse i klubben, og då spesielt blant trenarane i ungdomsfotballen og oppover.

Breiddeklubb 1:

Ein ser gjerne at småklubbar kan slite litt med trenarrekruttering. Vi trur Hødd har ein del å bidra med på dette området.

Breiddeklubb 2:

Hødd har normalt sett hatt godt kvalifiserte trenarar i ungdomsfotballen og oppover.

Breiddeklubb 3:

Det verkar som at Hødd har høg kompetanse blant trenarane som arbeidar med deira yngre spelarar.

Ved tilsettinga av dei tre trenarane viser Hødd at dei satsar på trenarkompetanse. Som Nyland har éin av desse to trenarane B-lisens, medan den andre nylig har starta på B-lisens. Nyland nemnte tidlegare at desse tre har hovudsansvar for kvart sitt elitelag i ungdomsfotballen, samt rolla som mentorar for ”foreldretrenarane” i barne- og ungdomsfotballen. Hødd har også sitt eget trenarforum. Nyland seier dei anbefaler alle trenarane i klubben til å ta trenarkurs. Det er også eit krav for Hødd som kvalitetsklubb, at alle laga i klubben har ein trenar med trenarkompetanse. Det ser dermed ut til at oppfatningane blant breiddeklubbane stemmer med verkelegheita.

Som Valla (2016) viste i si A-lisenstrenaroppgåve, er trenaren si rolle som rettleiar og samtalepartner ein viktig del av utviklinga til spelarar som slår gjennom som toppspelarar i Norge. Larsen (2013) viser gjennom ei undersøking at ikkje berre det fotballfaglege blant trenarane er viktig for dei spelarane som har lukkast, men likeins verdspørsmål som trygghet, rettferd, samhald og at treningane var lagt opp morosame.

4.2.3 "Hødd Ekstra"

"Hødd Ekstra" er eit tiltak som breiddeklubbane synest verkar spanande. Vidare er eit par av breiddeklubbane avventande, og då på bakgrunn av at tiltaket ikkje er godt nok kjent.

Breiddeklubb 1:

Det ["Hødd Ekstra"] verkar som eit spanande tiltak. Samtidig er det viktig at Hødd forankrar tydeleg kva dei legg i dette.

Breiddeklubb 2:

Prinsippet og intensjonen med "Hødd Ekstra" verkar å vere spennande.

Breiddeklubb 3:

Vi er litt avventande til dette, mest fordi vi føler vi har eit greitt ekstratilbod sjølve.

Breiddeklubb 4:

Vi er generelt skeptiske til dette. Vi meiner dei kunne brukt desse pengane endå meir inn mot å forsterke breiddeklubbane i området.

Som tidlegare nemnt er "Hødd Ekstra" eit ekstra tilbod for motiverte spelarar i alderen 7-12 år. Dei tre trenarane har ansvaret for opplegget på øktene, samt gjennomføringa i lag med andre fagleg utdanna trenarar. Dette er eit tilbod ein kan delta på éin eller to dagar i veka, mot ein liten kompensasjon. I følge Nyland har tilbodet blitt tatt godt i mot internt i Hødd, samt nokre av dei mindre breiddeklubbane i området. Dette kan ha noko med at dei største breiddeklubbane gjerne har eigne ekstratiltak, medan dei mindre breiddeklubbane gjerne ikkje har midlar eller kompetanse til å tilby slike tiltak sjølve.

Som vist i avsnittet om Hødd og trenarkompetanse er trenaren viktig for spelarane si utvikling (Valla, 2016). Det er då eit godt teikn at Hødd vel å bruke godt utdanna trenarar for unge motiverte spelarar. Eit spørsmål som derimot kan stillast er om desse ekstraøktene vil kunne føre til for lite allsidighet, samt tidleg spesialisering. Teorien støttar i all hovudsak at allsidig aktivitet bør vere fokus i alderen 6-12 år (Côté et al., 2003). Nokon meiner derimot at spesifikke fotballøktar i ung alder er avgjerande for å få ut potensial, då unge utøvarar enklare tileignar seg læring av motorikk, koordinasjon og tekniske

grunnferdigheiter enn eldre utøvarar (Kopp, 2011). Innselset påpeikar at elementære motoriske ferdigheiter som blir lært i ung alder gir eit godt utgangspunkt for eit aktivt vaksenliv (i Kjensli, 2008). Eit faresignal ved dette kan vere at utøvarane går leie, noko som kan føre til fråfall (Thompson et al., 2004).

4.3 Breiddeklubbane om Hødd sitt bidrag til utviklinga av regionale spelarar

Breiddeklubbane har mange meiningar om korleis Hødd bidreg til utviklinga av regionale spelarar. Inntrykket generelt er at Hødd er flinke til å takke ja når dei får førespurnadar, men at dei i for lita grad tek initiativet sjølv. Breiddeklubbane meiner dette vil kunne vere med å skape tillit til Hødd som klubb. Det går også igjen at Hødd i for stor grad hentar spelarar i for tidleg alder.

To av breiddeklubbane påpeikar at sjansane for speletid for regionale spelarar har vore for få dei siste åra, medan to av dei andre meiner at Hødd i for stor grad vel nummer fem og seks i eigen klubb til tiltak som ”Team Søre”, i staden for å velje nummer éin eller to hos ein breiddeklubb. Dette meiner dei vil kunne skape motivasjon blant spelarane i breiddeklubbane.

Ein av breiddeklubbane synest at Hødd er litt for utydelege i kva dei legg i tiltak som ”Hødd Ekstra” og naboklubbhospitering, samt at Hødd hadde tent på å samarbeide tettare med éin eller to utvalte breiddeklubbar. Ein annan breiddeklubb meiner Hødd bør vere meir nysgjerrige på korleis breiddeklubbane arbeider, då denne breiddeklubben meiner at einarane ofte kjem frå distriktet.

Fleire av oppfatningane kan minne om eit kompleks, der breiddeklubbane kjenner seg underlegne toppklubben. Dette kan forklare fleire av oppfatningane om at Hødd kjem for lite ut til breiddeklubbane, at dei hentar unge spelarar for tidleg, at lokale og regionale spelarar får for lite speletid på A-laget, uttaka til ”Team Søre”, tydelegheita på ulike tiltak, samt at Hødd bør vere meir nysgjerrige på korleis breiddeklubbane arbeidar. Eit spørsmål her vil også vere om breiddeklubbane kjenner godt nok til Hødd sin identitet, som i tillegg til å vere lokal, også er regional.

Tabell 3: Hødd sitt bidrag til utviklinga av regionale spelarar

Bidrag – oppsummert
Hødd:
<ul style="list-style-type: none">• ... er flinke til å takke ja når dei får førespurnadar.• ... inviterer sjeldan seg sjølv ut til breiddeklubbane.• ... hentar unge spelarar for tidleg til eigen klubb.• ... gir regionale spelarar, samt lokale, for sjeldan sjansen på A-laget.• ... vel i for stor grad spelarar frå eigne rekker til tiltak som ”Team Søre”.• ... er utydelege i kva dei legg i tiltak som ”Hødd Ekstra” og naboklubbhospitering.• ... bør samarbeide tettare med éin eller to utvalte breiddeklubbar.• ... er for lite nysgjerrige på korleis breiddeklubbane arbeider.

4.3.1 Besøk i breiddeklubbane

Breiddeklubbane synest Hødd er flinke til å takke ja når dei får førespurnadar, men at dei sjeldan inviterar seg sjølv ut til breiddeklubbane.

Breiddeklubb 1:

Ein nøkkel for Hødd vil vere å by meir på seg sjølv ut til breiddeklubbane. Dei er flinke til å bidra når ein ber dei om det, men dei kan gjerne invitere seg sjølv ut oftare. Dette vil vinne respekt blant dei mindre klubbane. Det kan gjerne vere i form av at dei brukar trenarar ut mot breiddeklubbane.

Breiddeklubb 2:

Sidan Hødd er toppklubben bør ein vel kunne forvente at dei tek ansvar med tanke på samarbeid. Vi trur det vil vere bra for Hødd om dei i større grad kan hjelpe å utvikle spelarane der dei er.

Breiddeklubb 3:

Hødd kunne gjerne kome meir ut til breiddeklubbane, i staden for å invitere inn.

Breiddeklubb 4:

Hødd hadde tent på å bruke meir ressursar inn mot breiddeklubbane. Gjerne i form av eit felles trenarforum som ein kan halde rundt om i distriktet.

Som tidlegare nemnt har éin av dei nyttilsette trenarane i Hødd ansvar for å halde kontakta med naboklubbane. Dette er noko som er nytt av året. Breiddeklubbane ser gjerne at Hødd i større grad tilbyr si kompetanse på feltet, då i form av trenar- og spelarutvikling. Som teorien seier er viktigheita av ein god trenar viktig for utviklinga av spelarar (Valla, 2016). Som breiddeklubb 1 påpeiker, så vil det å invitere seg sjølv ut til breiddeklubbane kunne vinne respekt, noko som vil kunne styrke forholdet klubbane i mellom. Naboklubbrolla som den eine trenaren har vil dermed vere viktig i framtida.

4.3.2 Henting av unge spelarar

Det verkar å vere ei frykt blant breiddeklubbane at dei skal miste unge spelarar til Hødd. Dette kan vere noko å grunnen til at klubbane er avventande og skeptiske til tiltak som ”Hødd Ekstra” og naboklubbhospitering.

Breiddeklubb 1:

Det er flott av Hødd tilbyr spelarar hos oss til å delta på ”Hødd Ekstra” og naboklubbhospitering, men det er viktig at vi får vite at dette ikkje handlar om å hente spelarar tidleg.

Breiddeklubb 2:

For Hødd handlar det i hovudsak om å utvikle spelarane der dei er.

Breiddeklubb 3:

Mange av dei som har gått tidleg til Hødd har ikkje lukkast. Vi trur det ha vore betre å blitt i breiddeklubb litt lenger, og heller vere med på ekstratilbod i form av hospitering.

Breiddeklubb 4:

Hødd hentar i for stor grad spelarar for tidleg. Dette trur vi er med på å bremse spelarane si utvikling, samt dei lokale breiddeklubbane si utvikling.

Blant breiddeklubbane er overgangar for unge spelarar eit engasjerande tema. NFF sin handlingsplan for 2016-2019 (2015) seier at fotballkretsane har ansvar for spelarutvikling i

aldersgruppa 13-16 år, medan toppklubbane har ansvar i aldersgruppa 17-21 år. Dette kan tyde på at unge spelarar bør bli i breiddeklubbane til dei er minst 17 år. Det er samtidig påpeikt i Sæther (2017) at dei som har lukkast som fotballspelarar gjerne har få klubbytte. Ein modell Rosenborg Ballklubb og Trøndelag Fotballkrets har lukkast godt med, er at spelarar blir i breiddeklubbane fram til dei er 15-16 år (Smågesjø, 2016). Odds BK, som i 2016 blei kåra til det niande beste laget i Europa med tanke på bruken av lokale og regionale spelarar, har også gode erfaringar med å vente til spelarane er 15-16 år. Sjølv om utanlandske klubbar ofte lukkast med typiske akademi, der dei hentar spelarar tidleg, meiner sportsleg leiar i Fyllingsdalen, John Are Brue, at modellen til Odds BK er betre tilpassa norske forhold (Johnsen, 2017). Det kan dermed vere forståleg noko av skepsisen blant breiddeklubbane.

4.3.3 Gir regionale spelarar, samt lokale, for sjeldan sjansen på A-laget

Snittet på etablerte regionale spelarar på Hødd sitt A-lag dei siste åra må seiast å vere høgt, men samtidig er det ei nedgåande kurve. Vidare har sesongstarten i år vore lovande med tanke på at antallet er på veg opp att.

Breiddeklubb 2:

Hødd har dei siste åra ikkje klart å få spelarar i lokal og regional regi opp på toppnivå, mykje på grunn av at spelarane ikkje har fått tillit på deira øvste nivå.

Breiddeklubb 4:

Det verkar som Hødd sjeldan gir eigenproduserte spelarar sjansen på toppnivå.

Tabell 2 viser at talet på regionale spelarar med meir enn 10 kampar frå start dei siste åra, har vore på 5,6 spelarar i snitt. Talet på spelarar som har vore i Hødd gjennom heile karrieren er på 0,2. Talet på 5,6 regionale spelarar kan seiast å vere bra, medan talet på 0,2 lokale spelarar kan seiast å vere for lavt. Breiddeklubbane kan med andre ord ha noko rett i sine påstandar. Nyland påpeiker samtidig at frå dette året har Hødd lagt om strategien sin til å satse enda meir på lokale og regionale spelarar. Som tidlegare nemnt starta Hødd i den første seriekampen i 2017 med tre spelarar som har vore i Hødd heile karrieren, samt tre regionale spelarar. A-stallen til Hødd har også gått frå éin til to tredjedelar lokale og regionale spelarar frå sesongslutt 2016 til sesongstart 2017 (altomfotball.no).

4.3.4 Val av spelarar til "Team Søre"

Breiddeklubbane synest Hødd for ofte vel eigne spelarar til "Team Søre". Realiteten er ikkje heilt slik, om ein ser på ei utvalt tropp for spelarar født 2004.

Breiddeklubb 1:

Vi trur det er lurt at Hødd vel spelar nummer éin og to i ein breiddeklubb, i staden for nummer fem og seks i Hødd. Det kan ofte bli litt for synleg at det er Hødd som styrer.

Breiddeklubb 3:

Vi trur Hødd i større grad kan basere uttaka på "Team Søre" på potensiale, heller enn ferdigheter i dag.

Av ei bruttotroppa på tretti spelarar for "Team Søre" født 2004, finn ein seks Høddspelarar (Hodd.no, 2017). Ni klubbar er representert. Samtidig finn ein sju spelarar frå Volda. I følgje Nyland blir uttaka basert på potensiale, samt at ein prøvar å få med spelarar frå fleire klubbar. Moltustranda, Sæbø og Van/Kam er nokon av småklubbane som er representert. Om talet på Høddspelarar er for høgt eller for lågt vil vere vanskeleg å seie, men valet av spelarar i denne spesifikke bruttotroppa må seiast å vere nokså variert.

4.3.5 Andre kommentarar

Dei tre siste kommentarane omhandlar tydelegheit og tillit, samarbeid, og det å sjå meir til breiddeklubbane.

Breiddeklubb 1:

Når det gjeld "Hødd Ekstra" og naboklubbhospitering trur vi at Hødd hadde tent på å ufarleggjere tiltaka. Det er viktig for oss å vite at dei ikkje har planar om å hente spelarane våre for tidleg.

Breiddeklubb 1:

Vi meiner Hødd kunne tent på å samarbeide tettare med éin eller to breiddeklubbbar. Om spelarar som akkurat ikkje er gode nok for Hødd sitt A-lag, kunne spelt for ein breiddeklubb, og samtidig trenar med Hødd, hadde dette styrka begge.

Breiddeklubb 4:

Sidan spelarar som ofte slår gjennom kjem frå breiddeklubbane, trur vi at Hødd hadde tent på å sett korleis breiddeklubbane arbeidar.

Breiddeklubb 1 meiner tydelegare kommunikasjon og tettare samarbeid med éin eller to breiddeklubbbar vil styrke både Hødd og den/dei utvalte breiddeklubben/breiddeklubbane. Breiddeklubb 4 kan ha eit poeng i at spelarane som slår gjennom i Hødd, ofte kjem frå breiddeklubbane. Sjølv om utvalet av spelarar frå breiddeklubbane i regionen er større enn utvalet på spelarar internt Hødd, viser tabell 2 at det er langt fleire regionale spelarar som har etablert seg på a-laget til Hødd, enn tilfellet er av spelarar som har spelt i Hødd gjennom heile karrieren.

4.3.6 Oppsummering

Generelt sett er inntrykket av Hødd og spelarutvikling godt. Hødd verkar å ha ein god modell for spelarutvikling, eit spanande tiltak i form av "Hødd Ekstra", samt mykje god trenar kompetanse i klubben. Teorien støttar opp om mykje av måten Hødd arbeider på, men stiller også spørsmålsteikn i forhold til tidleg spesialisering versus allsidigheit, samt selektering av talent. Vidare er klubben flink til å takke ja når dei får førespurnadar frå breiddeklubbane. Områda Hødd kan bli betre på omhandlar det å kommunisere tydelegare, ta oftare initiativ, samt det å vere meir tolmodige med tanke på å hente unge spelarar frå breiddeklubbane.

5.0 Konklusjon

Studien har identifisert tolv ulike oppfatningar som i større eller mindre grad går igjen blant breiddeklubbane: fire om korleis Hødd arbeider med spelarutvikling, samt åtte om Hødd sitt bidrag til utviklinga av regionale spelarar. Dei viktigaste funna omhandlar måten Hødd arbeider med spelarutvikling, besøk i naboklubb, samt tydelegheit med tanke på kommunikasjon.

Breiddeklubbane verkar å vere positive til måten Hødd arbeider med spelarutvikling, både når det gjeld modellen i seg sjølv, trenarkompetanse og ”Hødd Ekstra”. Teorien støttar også opp om mykje av dette arbeidet, men stiller samtidig spørsmål med tanke på for mykje organisert aktivitet i barnefotballen, samt utvelgelse i ungdomsfotballen. Mesteparten av teorien seier ein allsidig oppvekst med variert aktivitet (deliberate play) er å føretrekke framfor ein spesialisert oppvekst med mykje organisert trening (deliberate practice). Til motsetnad seier andre delar av teorien at treningar med godt kvalifiserte trenararar i den såkalla ”motoriske gullalderen” kan vere avgjerande for god utvikling, då spelarar i denne alderen har eit godt utgangspunkt for tileigning av grunnleggjande motoriske ferdigheiter. Breiddelaga i ungdomsfotballen vil vidare vere viktig, då teorien seier at mesteparten av talentet til unge spelarar gjerne blir utvikla i alderen 13-19 år.

At Hødd takkar ja når dei får førespuradar frå breiddeklubbane verkar å vere klart. Samtidig blir det påpeikt at det å ta initiativet sjølv, å invitere seg sjølv ut, vil skape tillit blant breiddeklubbane. Dette kan gjerne omhandle spelar- og trenarutvikling, då det verkar å vere ei semje om at Hødd sit med mykje god kunnskap på desse områda. Vidare ynskjer breiddeklubbane meir og tydelegare kommunikasjon når det gjeld ufarlegjering av tiltak som ”Hødd Ekstra” og naboklubbhospitering, samt det å kommunisere betre rundt dei unge talentfulle spelarane i breiddeklubbane.

6.0 Vidare forskning

I framtida vil det vere interessant å utforske korleis Hødd blir oppfatta etter endringane som no er satt i gang. Det vil også vere spanande å sjå om talet på lokale og regionale spelarar fortsatt vil auke i tida framover.

Det kunne òg vore interessant å sett korleis andre toppklubbar i Norge blir oppfatta av breiddeklubbane i sin krets eller region, og gjerne då samanliknbare klubbar som for eksempel Molde FK eller Sogndal Fotball (i større grad enn A-lisensoppgåva til Jåstad, 2013).

Referanseliste

- Baxter, S. (2011). Utvikling av unge spillere. *Fotball for kids*. Tilgjengeleg frå: [http://fotballforkids.no/fagartikler/ekstern/content/text_4ff8c0a5-1659-4568-898b-a62f189e902f/1388583673990/ekstern utvikling av unge spillere.pdf](http://fotballforkids.no/fagartikler/ekstern/content/text_4ff8c0a5-1659-4568-898b-a62f189e902f/1388583673990/ekstern%20utvikling%20av%20unge%20spillere.pdf) [Lest 25.05.17].
- Berntsen, H. (2017). Slik dreper du idrettsgleden til barnet ditt! *Forskning.no*. Tilgjengeleg frå: <http://forskning.no/trening-barn-og-ungdom-sport/2017/03/slik-dreper-du-idrettsgleden-til-barnet-ditt> [Lest 10.05.17].
- Blindheim IL. (2013). *Sportsplan*. Tilgjengeleg frå: [http://www.blindheim.idrett.no/kx/72/fotball skjema/Sportsplan%202013ed.pdf](http://www.blindheim.idrett.no/kx/72/fotball_skjema/Sportsplan%202013ed.pdf) [Lest 15.02.17].
- Brinkmann, S. & Tanggard, L. (2012). *Kvalitative metoder – Empiri og teoriutvikling*. 1. utgåve. Oslo: Gyldendal akademisk.
- Côté, J. (1999). The influence of the family in the development of talent in sports. *Sports Psychologist*, 13, 395-417.
- Côté, J., Baker, J & Abernethy, B. (2007). Practice and play in the development of sport expertise. *Handbook of Sport Psychology*, 3, 184-202.
- Dahl, A-M. (2016). Dette Ranheim-laget skal ikke tenke på resultat i kampene. *Adressa*. Tilgjengeleg frå: <http://www.adressa.no/100Sport/fotball/Dette-Ranheim-laget-skal-ikke-tenke-pa-resultat-i-kampene-3744b.html> [Lest 08.02.17].
- Ericsson, K. A., Krampe, R. T. & Tesch-Romer, C. (1993). The role of deliberate practice in the acquisition of expert performance. *Psychological Review*, 100, 363-406.
- Godø, Ø. (2016). RBK-profil ut mot norsk barnefotball: - Uforståelig! Er det sånn i hele Norge? *Dagbladet*. Tilgjengeleg frå: <http://www.dagbladet.no/sport/rbk-profil-ut-mot-norsk-barnefotball---uforstaelig-er-det-sann-i-hele-norge/60253731> [Lest 15.02.17].
- Heinemann, K. (1988) *Grundbog i idrættssociologi*. Aarbybo, Bogforlaget DUO ApS, 2. utgåve.
- Henriksen, K. (2008). *Inspiration til talentudvikling*. Syddansk Universitetsforlag: Odense.
- Hjorthol, R. & Nordbakke, S. (2015). Barns aktiviteter og daglige reiser i 2013/14. *Transportøkonomisk institutt*. Tilgjengeleg frå:

- <https://www.toi.no/getfile.php/Publikasjoner/T%C3%98I%20rapporter/2015/1413-2015/1413-sammendrag.pdf> [Lest 18.02.17].
- Hodd.no. (2017). *Bruttotropp Team Søre f. 2004*. Tilgjengeleg frå <http://www.hodd.no/nyheiter/bruttotropp-team-sore-f.2004> [Lest 23.04.17].
 - Hohmann, A. & Seidel, I. (2003). Scientific aspects of talent development. *International Journal of Physical Education*, 40, 9-20.
 - Ingjerd, A. (2016). *Hødd vil utvikle flere lokale toppspillere*. Artikkel i Fotballtreneren 4-2016.
 - Jacobsen, D. I. (2015). *Hvordan gjennomføre undersøkelser? Innføring i samfunnsvitenskapelig metode*. 3. utgåve. Kristiansand: Cappelen Damm.
 - Johnsen, L. (2017). Det store løftet eller det store luftsloppet? *Josimar*. Tilgjengeleg frå: <http://www.josimar.no/artikler/paskelesning-3-det-store-loftet-eller-det-store-luftsloppet/3928/> [Lest 25.04.17].
 - Jåstad, J. T. (2013). *Toppspelarutvikling i Sogn og Fjordane – Utvikling og omdanning av toppspelarremne*. UEFA A-lisens. Tilgjengeleg frå: <https://www.fotball.no/globalassets/trener/uefa-a-oppgaver/uefa-a-2013-jastad.pdf> [Lest 20.02.17].
 - Kjensli, B. (2008). Ballkontroll gir aktive tenåringer. *Forskning.no*. Tilgjengeleg frå: <http://forskning.no/overvekt-trening-barn-og-ungdom-pedagogiske-fag-skole-og-utdanning-sport/2008/12/ballkontroll-gir> [Lest 08.05.17].
 - Kjørmo, O. (1994). *Idrettspsykologi. Termer og begreper i idrettsfaglig sammenheng*. Oslo: Norges idrettshøgskole.
 - Kopp, T. (2011). 8 til 12 er gullalderen. *Aftenposten*. Tilgjengeleg frå: <http://www.aftenposten.no/meninger/debatt/8-til-12-er-gullalderen-190887b.html> [Lest 13.02.17].
 - Larsen, Ø. (2013). *Flest mulig, lengst mulig, best mulig*. Oslo: Akilles.
 - Larsen, Ø. (2016). *Hva differensiering er og ikke er*. Norges Fotballforbund. Tilgjengeleg frå: <https://www.fotball.no/barn-og-ungdom/verdier-og-virkemidler/2016/hva-differensiering-er-og-ikke-er/> [Lest 15.02.17].
 - Lawrence, A. (2016). Arsene Wenger fears young footballers are "isolated" from normal life. *The Guardian*. Tilgjengeleg frå: https://www.theguardian.com/football/2016/nov/26/arsene-wenger-young-footballers-pressure-arsenal?CMP=share_btn_fb [Lest 07.02.17].
 - Leedy, P. N., & Ormrod, J. E. (2005). *Practical research*. Pearson.

- Leseth, A. B. & Tellmann, S. M. (2014). *Hvordan lese kvalitativ forskning?* Oslo: Cappelen Damm akademisk.
- Nilssen, V. L. (2012). *Analyse i kvalitative studier: den skrivende forskeren.* Oslo: Universitetsforlaget.
- Norges Fotballforbund. (2011). *Flest mulig, lengst mulig, best mulig: Den store barne- og ungdomsfotballboka*, 3. utg. Oslo: Akilles.
- Norges Fotballforbund. (2015). *Handlingsplan 2016-2019.* Tilgjengeleg frå: https://www.fotball.no/globalassets/nff-org/handlingsplan_2016-2019.pdf
- Ommundsen, Y. (2009). Hvem er talentene, må vi spesialisere tidlig, og hva er en god trener? Spenningsfelt mellom barne- og ungdomsidrett og eliteidrett. Norges idrettshøgskole. I: Johansen B.T, Høigaard R. og Fjeld J.B (red), *Nyere perspektiv innen idrett og idrettspedagogikk.* Kristiansand: Høgskoleforlaget.
- Ommundsen, Y. (2011). Spesialisere tidlig og plukke talenter – er det så lurt? I: Hanstad D.V. et al. (red.) *Norsk idrett: indre spenning og ytre press.* 53-68 . Oslo: Akilles.
- *Oxford Advanced Learner's Dictionary.* (2005). Oxford University Press, Oxford, England.
- Polit, D. F. & Beck, C. T. (2014). *Essentials of nursing research : Appraising evidence for nursing practice*, 8 utg. Philadelphia: Wolters Kluwer/Lippincott Williams & Wilkins.
- Robson, C. (2011). *Real world research* (3 utg.). England: John Wiley & Sons Ltd,.
- Russel, K. (1989). Athletic talent: From detection to perfection. *Science Periodical on Research and Technology in Sport*, 9, 1-6.
- Smågesjø, T. (2016). Når er det riktig å bytte klubb? *Trøndelag Fotballkrets.* Tilgjengeleg frå: <https://www.fotball.no/kretser/trondelag/spillerutvikling/nar-er-det-riktig-a-bytte-klubb/> [Lest 20.04.17].
- Solstad, B. E. & Lemyre P. N. (2017). Hemmeligheten bak mestringsmiljøer i barne- og ungdomsidrett. *Forskning.no.* Tilgjengeleg frå: <http://forskning.no/blogg/nih-bloggen/hemmeligheten-bak-mestringsmiljoer-i-barne-og-ungdomsidrett> [Lest 10.05.17].
- Sæther, S. A. (2014). Må fokuset i norsk barne- og ungdomsidrett være sort – hvit? *Norske fotballtalenter – veien til toppfotballen.* Tilgjengeleg frå:

<http://norskefotballtalenter.blogspot.no/2014/05/ma-fokuset-i-norsk-barne-og.html>

[Lest 07.02.17].

- Sæther, S. A. (2017). *De norske fotballtalentene. Hvem lykkes og hvorfor?* Universitetsforlaget: Oslo.
- Thompson, A. H., Barnsley, R. H. & Battle, J. (2004). The relative age effect and the development of self-esteem. *Educational Research*, 46, 313-320.
- Uneståhl, L. E. (1986). *Sports psychology in theory and practice*. Ørebro; Vejo.
- Valla, Ø. (2016). *Fotballtrenerens rolle – i utviklingen av unge spillere*. UEFA A-lisens. Tilgjengelig frå: <https://www.fotball.no/globalassets/trener/uefa-a-oppgaver/uefa-a-orjan-valla.pdf> [Lest 12.03.17].
- Williams, A. M. & Reilly, T. (2000). Talent identification and development in soccer. *Journal of Sports Sciences*, 18, 657-667.

Vedlegg

Intervjuguide Hødd

Tema - Kategoriar	Spørsmål
Bakgrunn og spelarutvikling generelt	<ul style="list-style-type: none">• Kva er din bakgrunn innan fotball?• Kva er spelarutvikling for deg?<ul style="list-style-type: none">- Kva er talentidentifisering og talentselektering for deg?- Kva er tidleg spesialisering versus allsidighet for deg?- Kva er differensiering og hospitering for deg?
Hødd og spelarutvikling	<ul style="list-style-type: none">• Korleis arbeider din klubb med spelarutvikling?
Breiddeklubbane på Søre Sunnmøre	<ul style="list-style-type: none">• Kva oppfatning har du av spelarutviklinga i breiddeklubbane på Søre Sunnmøre?• Kva kan breiddeklubbane lære av Hødd når det gjeld spelarutvikling?• Kva kan Hødd lære av dei når det gjeld spelarutvikling?• Kva tankar har du om ”Hødd Ekstra” opp mot breiddeklubbane?
Hødd sitt bidrag til utviklinga av regionale spelarar	<ul style="list-style-type: none">• Korleis bidreg Hødd til utviklinga av regionale spelarar?<ul style="list-style-type: none">- Korleis føler du dette blir mottatt?
Vegen vidare	<ul style="list-style-type: none">• Kva kan Hødd gjere for å utvikle enda fleire og betre lokale og regionale spelarar?• Kva kan breiddeklubbane gjere for å utvikle enda fleire og betre spelarar?• Kva kan Hødd og breiddeklubbane gjere saman for å utvikle fleire og

	betre spelarar?
Avslutning	<ul style="list-style-type: none"> • Det siste spørsmålet er stilt, er det noko du ynskjer å føye til?

Intervjuguide breiddeklubbane

Tema - Kategoriar	Spørsmål
Bakgrunn og spelarutvikling generelt	<ul style="list-style-type: none"> • Kva er din bakgrunn innan fotball? • Kva er spelarutvikling for deg? <ul style="list-style-type: none"> - Kva er talentidentifisering og talentselektering for deg? - Kva er tidleg spesialisering versus allsidighet for deg? - Kva er differensiering og hospitering for deg?
Din klubb og spelarutvikling	<ul style="list-style-type: none"> • Korleis arbeider din klubb med spelarutvikling?
Hødd og deira bidrag til utviklinga av regionale spelarar	<ul style="list-style-type: none"> • Kva oppfatning har du av måten Hødd arbeider med spelarutvikling? • Kva oppfatning har du av Hødd sitt bidrag til utviklinga av lokale og regionale spelarar? • Kva tankar har du om ”Hødd Ekstra” opp mot utviklinga av regionale spelarar?
Vegen vidare	<ul style="list-style-type: none"> • Kva meiner dokke Hødd kan gjere for å utvikle enda fleire og betre lokale og regionale spelarar? • Kva kan din klubb gjere for å utvikle enda fleire og betre spelarar? • Kva kan Hødd og din klubb gjere saman for å utvikle fleire og betre spelarar?
Avslutning	<ul style="list-style-type: none"> • Det siste spørsmålet er stilt, er det

	noko du ynskjer å føye til?
--	-----------------------------